


«Byen og regionsenteret Stord
- lokomotiv for vekst og utvikling i
Sunnhordland?»

Rapport

Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Tittel:	
Prosjektnr.: 2091	Rapportdato: 30.12.2014
Forfattarar: Svein Andersland, Sarah Fagertun Eggereide	
Oppdragsgjevar: Samarbeidsrådet for Sunnhordland	Kontaktperson/referanse: Gro Jensen Gjerde, Samarbeidsrådet for Sunnhordland Svein Andersland, Akvator AS
<p>Samandrag:</p> <p>Samarbeidsrådet for Sunnhordland har utarbeidd eit forprosjekt med tittel «Byen og regionsenteret Stord - lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland?». Prosjektet er ein del av det nasjonale Byregionprogrammet i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Byregionprogrammet skal mellom anna auke kunnskapen om samspelet mellom by og omland for å styrke desse områda sin regionale vekstkraft. Samarbeidsrådet er prosjektleiar på vegne av Stord kommune som A-eigar av prosjektet. Akvator AS er utførande konsulent.</p> <p>Målsetnad for forprosjektet er å studere samhandling mellom Stord som regionsenter og kommunane i Sunnhordland for mellom anna å kunne identifisere eventuelle flaskehalsar og problemområde knytt til regional vekstkraft. Denne målsetnaden er vidare presisert noko meir i tilsegnet frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet: «Analysen kan bli gjort langs parametre som til dømes arbeidsmarknad, bustadmarknad, arealdisponering, infrastruktur, næringsliv og kompetanse. Føremålet med analysen er å finne flaskehalsar i samspelet mellom byen og omlandet som kan hindre regional utvikling.»</p> <p>Det er gjennomført datainnsamling frå både sekundære og primære kjelder. Sekundærdata er henta frå Fylkesstatistikk Hordaland, AUD-rapportar frå Hordaland Fylkeskommune og SSB. Primærdata er knytt til ein målpunktanalyse for Stord og arbeidsplassanalyse for ulike verksemder i Sunnhordland.</p> <p>Rapporten er supplert med den interaktive karttenesta «PlanGIS - Byen og regionsenteret Stord», som presenterer statistiske data på kommune- og grunnkrinsnivå. Lenke til PlanGIS-kartet: http://bit.ly/1GqoczT</p>	
Emneord: Regionsenter Stord Regional vekst Sunnhordland Samfunnsanalyse	Fylke: Hordaland Region: Sunnhordland
<p>Akvator AS Tel.: +47 53 40 41 80 Sæ 132 firmapost@akvator.no N-5417 Stord www.akvator.no</p> 	

Innhald

1	Prosjektgjennomføring - Organisering, medverknad og prosess	3
1.1	Oppdragsgjevar	3
1.2	Prosess.....	3
1.3	Rammer og føringar for undersøkinga	3
2	Innleiing.....	4
2.1	Føremål	4
2.2	Sentrale omgrep og geografisk avgrensing.....	4
3	Befolkning	6
3.1	Befolkning - status og utvikling	6
3.1.1	Framskrivning av folketalet	8
3.2	Aldersfordeling i kommunane	11
3.3	Tettstader	12
4	Infrastruktur	14
4.1	E39 Stord-Os.....	15
5	Kompetanse	17
6	Bustadbehov	19
7	Arbeidsmarknad.....	20
7.1	Syssetjing.....	20
7.2	Verksemder i kommunane	22
7.3	Arbeidsplassdekning.....	23
7.4	Maritime og marine næringar	23
7.5	Pendling.....	25
8	Arbeidsplassanalyse - verksemder i Sunnhordland.....	28
8.1	Metode	28
8.2	Bakgrunn verksemder	28
8.3	Kompetansebehov	28
8.4	Lærlingar.....	31
8.5	Utdanningsnivå.....	32
8.6	Annan kompetanse	33
8.7	Oppsummering arbeidsplassanalyse.....	33
9	Detaljhandel og dekningsgrad	34
10	Målpunkt Stord - undersøking om tenester og kjennskap til regionstatus.....	35
10.1	Bakgrunn og føresetnader.....	35
10.2	Bruk av tenester i Stord	36
10.3	Kjennskap til Stord som regionsenter	37
10.4	Påstandar kring Stord som regionsenter.....	38
10.5	Oppsummering målpunkt.....	41
11	Rangeringar av kommunane, lokal og nasjonalt	42
12	Oppsummering - regionale utfordringar	44
13	Kjelder	46
14	Vedlegg.....	47
14.1	Vedlegg 1 - Spørjeskjema målpunkt Stord	47
14.2	Vedlegg 2 - Spørjeskjema arbeidsplassanalyse.....	50

1 Prosjektgjennomføring - Organisering, medverknad og prosess

1.1 Oppdragsgjevar

Oppdragsgjevar er Samarbeidsrådet for Sunnhordland ved dagleg leiar Gro Jensen Gjerde.

Samarbeidsrådet for Sunnhordland er eit interkommunalt selskap, eigd av kommunane Austevoll, Bømlo, Etne, Fitjar, Kvinnherad, Stord, Sveio og Tysnes. Føremålet med selskapet er interkommunalt samarbeid på generell basis med særleg vekt på alle typar tiltaksarbeid og utviklingsarbeid. Selskapet skal ta opp saker som kan fremje utviklinga av Sunnhordland, og leggje dei fram til drøfting og utgreiing.

Utførande konsulent er Akvator AS. Medarbeidarar i Akvator har vore Svein Andersland, Sarah Fagertun Eggereide og Turid Verdal. Akvator er eit rådgivande konsulentselskap med 30 tilsette lokalisert på Stord. Selskapet tilbyr tenester innan fagområda areal- og samfunnsplanlegging, akvakultur og ingeniørteknikk.

1.2 Prosess

Det er gjennomført oppstartsmøte 29. august 2014 med Samarbeidsrådet for Sunnhordland og Stord kommune. Rammer for avklaring av omfang og avgrensing av arbeidet vart klargjort på møtet.

Det har vidare vore gjennomført to arbeidsmøte, 10. september og 10. oktober 2014, med diskusjon og avklaring av framdrift og prosjektinnhald.

Forprosjektet har vore presentert for Samarbeidsrådet for Sunnhordland ved to høve. Førebelse resultat vart presentert for Samarbeidsrådet 17. oktober 2014 på Bømlo, medan hovudresultat vart presentert 28. november 2014 i Kvinnerad/Matre.

Hovudresultat vart presentert for Stord kommunestyre 18. desember 2014.

1.3 Rammer og føringar for undersøkinga

Overordna og regionale føringar:

- Byregionprogrammet
- Fylkesplan for Hordaland 2005-2008
- Fylkesdelplan for Sunnhordland - 2005
- Fylkesvegplan 2006-2015
- Regionalplan for attraktive senter 2014
- Regionalplan transportplan

Lokale føringar:

- Kommuneplanar

2 Innleiing

2.1 Føremål

Samarbeidsrådet for Sunnhordland har utarbeidd eit forprosjekt med tittel «Byen og regionsenteret Stord - lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland?». Prosjektet er ein del av det nasjonale Byregionprogrammet i regi av Kommunal- og moderniseringsdepartementet. Byregionprogrammet¹ skal mellom anna auke kunnskapen om samspelet mellom by og omland for å styrke desse områda sin regionale vekstkraft. Samarbeidsrådet er prosjektleiar på vegne av Stord kommune som A-eigar av prosjektet. Akvator AS er utførande konsulent.

Målsetnad for forprosjektet er å studere samhandling mellom Stord som regionsenter og kommunane i Sunnhordland for mellom anna å kunne identifisere eventuelle flaskehalsar og problemområde knytt til regional vekstkraft. Denne målsetnaden er vidare presisert noko meir i tilsegna frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet: «Analysen kan bli gjort langs parametre som til dømes arbeidsmarknad, bustadmarknad, arealdisponering, infrastruktur, næringsliv og kompetanse. Føremålet med analysen er å finne flaskehalsar i samspelet mellom byen og omlandet som kan hindre regional utvikling.»

På bakgrunn av dette vert det i denne rapporten presentert ulike samstillingar av sekundære data gjeldande for befolkning, kompetanse, arbeidsmarknad, sysselsetjing, pendling, infrastruktur og handel. Sekundærdatabe er i hovudsak henta frå Hordaland fylkeskommune si statistikkteneste² og AUD-rapportar. Statistisk datamateriale er relativt omfattande, slik at føremålet med samstillingane i rapporten er å avgrense og synleggjere relevante data for regionen. Primærdatabe er henta frå ein målpunktanalyse med fokus på regionsenter Stord og ein arbeidsplassanalyse for verksemder i Sunnhordland, gjennomført som del av forprosjektet. Samla vil dette utgjere ei overordna samfunnsanalyse som grunnlag for vidare strategiarbeid i Sunnhordland.

Rapporten inkluderer den interaktive karttenesta «PlanGIS - Byen og regionsenteret Stord»³, der utvalde delar av datamaterialet er publisert. PlanGIS⁴ er ei interaktiv kartteneste med fokus på prosess og medverknad i planprosessar på ulike nivå. Den einskilde brukar kan hente ut kartbasert informasjon, samanstill data og gjere eigne analysar i kartet.

2.2 Sentrale omgrep og geografisk avgrensing

Hordaland fylkeskommune har nyleg utarbeidd regionalplan for attraktive senter, med vedtak i fylkestinget desember 2014. Det er no fem nye regionsenter, mellom anna Husnes i Kvinnherad. I regionalplanen er eit regionsenter definert som ein tettstad som inneheld senterfunksjonar som handel og tenester for eit definert omland. Dagens kommunegrensar er grunnlag for fleire funksjonsinndelingar og forvaltningsgrensar, og det er difor tenleg å leggje desse til grunn ved fastsetjing av omland til regionsentra. Regionsentra skal vere så robuste at dei vil fungere også om kommunegrensene blir endra.

Eit hovudpoeng med regionsentra, slik dei er forankra i regionalplanen, er at befolkninga skal kunne nå dei fleste funksjonar og tenester innan ein rimeleg reiseavstand slik at ein sikrar balansert utvikling i heile fylket. Regionsentra er eit mellomnivå mellom fylkessenteret og kommunesenteret. Regionsentra har ei viktig rolle i å tilby innhald og funksjonar som ein ikkje kan forvente å finne i alle kommunar.

Ein times køyretid er av fylket valt som ein rimeleg avstand frå bustad til regionsenter. Dette er litt i overkant av vanleg pendlingsavstand, men er valt som akseptabel avstand for tenester som ein ikkje nyttar kvar dag.

For at eit regionsenter skal kunne ha tilbod ut over det som alle kommunar har, bør det ha eit omland som omfattar minst 10.000 innbyggjarar. Dette gir potensiale for meir mangfald i tenester og handel.

Forprosjektet femnar dei åtte sunnhordlandskommunane i Sunnhordland, Austevoll, Tysnes, Kvinnherad, Fitjar, Stord, Bømlo, Etne og Sveio, sjå kart i figur 1. I tillegg inneheld målpunktanalysen data som


¹ <http://distriktssenteret.no/byregionprogrammet/>

² <http://statistikk.ivest.no/hf/>

³ PlanGIS - Byen og regionsenteret Stord: <http://bit.ly/1GqocZT>

⁴ Sjå www.akvator.no/plangis for meir informasjon.

omfattar andre kommunar i Hordaland og Rogaland. I avsnittet om pendling er Sunnhordland som region sett i forhold til resten av Hordaland, samt haugesunds- og stavangerområdet.



Figur 1: Kommunar i Sunnhordland.

3 Befolkning

3.1 Befolkning - status og utvikling

Å studere demografiske faktorar som folketal og aldersfordeling i eit historisk og framtidig perspektiv gjev nyttig innsikt i forhold til Sunnhordland som samla region og mellom dei åtte kommunane som utgjør regionen. Like viktig er det å løfte blikket og sjå eigen region i forhold til andre regionar og aktuelle og relevante naboar. Sunnhordland si geografiske plassering på aksen Bergen-Haugesund-Stavanger gjer at Sunnhordland og kommunane må ha eit geografisk sideblikk i arbeidet som blir gjort for å styrke regionen på ulike måtar.

Endringar i demografiske variablar er viktige indikatorar for kor attraktivt eit geografisk område er som bustads-, handels-, utdannings- og arbeidsområde. Per 1. januar 2014 budde det 63 604 personar i Sunnhordland. Regionen er den nest største i Hordaland fylke etter Bergen og knapt foran region Vest (Fjell, Sund, Øygarden og Askøy) med 62 537 innbyggjarar, sjå tabell 1. Region Vest vil truleg innan kort tid gå forbi Sunnhordland som den nest mest folkerike regionen i fylket (sjå tabell 3 i seinare avsnitt). Tabell 1 syner også befolkningsutviklinga frå 1990 i absolutte tal og prosentvis, der Sunnhordland har hatt ein vekst på 7 519 personar, eller 13,4 prosent. Prosentvis har Sunnhordland ei relativt låg folketalssutvikling i forhold til regionane Bjørnefjorden (33,1 %), Bergen (28,1 %), Vest (50,7 %) og Nordhordland (24,7 %). Det er berre dei indre regionane i fylket, Hardanger (-10,3 %), Voss (0,9 %) og Osterfjorden (3,6 %), som har lågare vekst enn Sunnhordland.

Ei samanlikning mellom Sunnhordland og Bjørnefjorden syner vidare at Bjørnefjorden har hatt ein folkevekst i absolutte tal på om lag 1500 færre enn Sunnhordland. Mesteparten av denne veksten i Bjørnefjorden er det Os som står for, dvs 6070 av samla auke på 6196 personar. Dette er på mange måtar ein imponerende auke da Os kommune i 2014 berre har 39 prosent av det samla folketallet i Sunnhordland. Os sin folkeauke har mykje å gjere med felles arbeidsmarknad med og kort pendlingsavstand til Bergen. For Sunnhordland kan dette gje interessante perspektiv i samband med etableringa av ny ferjefri kyststamveg som vil knytte store delar av regionen tettare til Bergen og omland. Temaet infrastruktur blir elleshandsama i seinare avsnitt.

Tabell 1: Folketalsutvikling regionar i Hordaland 1990-2014. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.


År	1990	1995	2000	2005	2010	2014	Folkevekst personar	Prosent endring
Sunnhordland	56085	57606	58860	59215	61189	63604	7519	13.4
Hardanger	25661	25062	24335	23392	22859	23008	-2653	-10.3
Voss	14035	13896	13726	13850	13902	14168	133	0.9
Bjørnefjorden	18747	19156	19862	20939	22882	24943	6196	33.1
Bergen	211826	221717	229496	239209	256600	271949	60123	28.4
Vest	41500	43498	46688	51575	57162	62537	21037	50.7
Osterfjorden	11875	11699	11552	11722	11872	12298	423	3.6
Nordhordland	26260	26696	27413	28441	30709	32739	6479	24.7

Det er relativt store forskjellar på innbyggjartalet mellom kommunane i Sunnhordland. Ytterpunktta er Stord med 18425 innbyggjarar per 1.1.2014 og Tysnes med 2745 innbyggjarar. Sjå elles tabell 2 for utvikling av folketallet i kommunane mellom 1990 og 2014, prosentvis og i absolutte tal.

Vekstkommunar i perioden 1990-2014 er først og fremst Stord, Bømlo, Sveio og Austevoll, medan Tysnes og Kvinnherad har nedgang. For Etne og Kvinnherad har folketalsutviklinga vore relativt stabil med mindre endringar, sjå figur 2 for grafisk framstilling av befolkningsendringar.


Tabell 2: Folketal og prosent endring 1990-2014. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

	1990	2000	2010	2014	% endring 1990-2014
Sunnhordland	56085	58860	61189	63604	13,4
Etne	4037	3917	3882	4057	0,5
Sveio	4582	4623	4999	5463	19,2
Bømlo	9675	10739	11275	11749	21,4
Stord	14483	16144	17565	18425	27,2
Fitjar	3072	2992	2931	3009	-2,1
Tysnes	2915	2843	2779	2745	-5,8
Kvinnherad	13121	13196	13187	13232	0,8
Austevoll	4200	4406	4571	4924	17,2



Figur 2: Folketalet i kommunane 1990-2014. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

Kartet i figur 3 viser prosentvis fordeling av folketalet mellom kommunane i forhold til det totale folketalet i Sunnhordland.




Figur 3: Folketalet i kommunane 1.1.2014, prosent av total befolkning i Sunnhordland. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

3.1.1 Framskriving av folketalet

SSB si framskriving av folketalet for perioden 2015-2040⁵ byggjer på fruktbarhet, levealder, innanlandsk flytting og innvandring. Det er mellomalternativet, MMMM, som vert lagt til grunn i framskrivinga, der M = middels for dei fire komponentane. I framskrivinga for Sunnhordland vil alle kommunar utanom Tysnes ha vekst, sjå figur 4 og figur 5. Framskrivinga syner sterkast vekst for Stord, med stabil vekst for Sveio, Bømlo og Austevoll. I 2035 vil Bømlo, i følgje framskrivinga, passere Kvinnherad og etablere seg som nest største kommune i regionen.

Om ein samanliknar periodane 1990-2014 og 2015-2040 syner mellomalternativet at det er forventa ein sterkare vekst framover mot 2040 enn det som har vore i perioden 1990-2014.

Ein ukjent faktor er effekten ny ferjefri kyststamveg (E39) kan ha på folketalutvikling og andre utviklingsrelaterte forhold i regionen. For meir utdjuing av dette forholdet, sjå kapittel 4.




Figur 4: Framskriving folketal 2015-2040. Middels nasjonal vekst (alternativ MMMM). Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB

Ein vidare analyse av framskrivinga kan gjerast ved å sjå på den einiskilde kommune og kommunane i forhold til samla forventa folkevekst i Sunnhordland. Figur 5 syner framskrivinga i forhold til eige folketal, med høgast forventa vekst for Austevoll (47,6 %) og Sveio (46,1 %). Den høge forventa veksten for desse to kommunane kan forklarast med SSB sin forventa vekst i og rundt storbyane. På landsbasis er det forventa at veksten i kommunane som ligg rundt storbyane blir enno større enn landsdelssentra sjølve. SSB si framskriving syner at 18 av 20 kommunar som vil få høgast prosentvis vekst er kommunar med relativt kort avstand til ein storby. I Sunnhordland er Austevoll ein av desse kommunane som er spesielt nemnd, med sin relativt korte avstand til Bergen. For Sveio er det grunn til å tru at ein gyldig forklaringsfaktor er tilsvarande bynær effekt sørover mot Haugesund.


Kvinnherad skil seg ut i dette framtidsbiletet med berre 7,7 prosent vekst, eller ein auke på 1020 personar. Samanlikna med Bømlo (3016 personar) og Stord (5479 personar) har Kvinnherad ei utfordring med tanke på vidare vekst i kommunen. Usikker faktor for Kvinnherad vil mellom anna vere tilkoplingsalternativ til ny E39.

⁵ <http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/folkfram/aar/2014-06-17>




Figur 5: Framskriving av folketal prosent endring 2015-2040 pr kommune. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

Ein annan måte å konkretisere framskrivinga i regionen på er å sjå kor stor del av forventa folkevekst den ein skilde kommune har i forhold til forventa samla folkevekst i Sunnhordland. I figur 7 går det fram at Stord vil ha over ein tredel av den samla veksten i regionen. Eit hovudbilete er at det er dei ytre kommunane, med unntak av Fitjar, som i følgje framskrivinga vil ha størst vekst. Dei indre kommunane Kvinnherad og Etne har samla lågare vekst enn både Stord, Austevoll, Bømlo og Sveio. Tysnes følgjer mønsteret med nedgang i folketalet, men igjen må ein minne om potensielle endringar knytt til ny E39 gjennom regionen.



Figur 6: Folketilvekst regionar i Hordaland, 2015-2040. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.



Figur 7: Folketal 2015-2040. Prosent forventa endring i folkevekst i den enkelte kommune samanlikna med forventa samla folkevekst i Sunnhordland. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

Sunnhordland har også eit omland å forhalde seg til, og det er difor interessant å sjå den forventa folketilveksten for perioden 2015-2040 i Sunnhordland i forhold til Hordaland samla og andre regionar i fylket, sjå figur 6 ovafor. Sunnhordland vil alt innan 2020 vere forbigått av region Vest (Fjell, Sund, Øygarden og Askøy) som nest største region målt etter folketal, sjå tabell 3.


Tabell 3: Forventa Folketilvekst i regionar i Hordaland, 2015-2040, i tal og prosent. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

	2015	2020	2025	2030	2035	2040	% vekst
Hordaland	512039	544030	573272	600420	624209	644969	26,0
Sunnhordland	64335	67960	71456	74764	77647	80143	24,6
Hardanger	23082	23534	24129	24694	25157	25511	10,5
Voss	14276	14697	15072	15503	15919	16268	14,0
Bjørnefjorden	25481	28084	30471	32651	34548	36233	42,2
Bergen	275053	289151	301340	312630	322663	331571	20,5
Vest	64044	71120	77748	83873	89177	93819	46,5
Osterfjorden	12446	13284	14092	14828	15450	15998	28,5
Nordhordland	33322	36200	38964	41477	43648	45426	36,3

3.2 Aldersfordeling i kommunane⁶


Alderssamansetjing og endringar knytt til aldersklassar er sentral informasjon når det gjeld samfunnsplanlegging i kommunane. I det vidare vert det presentert statistikk med inndeling av utvalde aldersgrupper (folketal pr 1.1.2014).

Sveio og Austevoll har den yngste befolkninga i prosent av eige folketal, sjå figur 8. I aldersklassen 0-5 år har Tysnes lågast prosendel.



Figur 8: Aldersgruppe 0-19 år (% av folketal i den einssilde kommune, 2014). Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.


Tysnes har den eldste befolkninga, med høg prosentdel av folketalet i aldersklassen 60-69 år, sjå figur 9. Stord, Etne og Kvinnherad har eit tyngdepunkt innafor aldersspennet 30-49 år. Kvinnherad har markert lågare del av aldersspennet 20-39 år enn dei andre kommunane. Fitjar skil seg ut med relativt høgare del av befolkninga innafor aldersgruppene 50-59 år og 30-99 år.



Figur 9: Aldersgruppe 20-69 år (% av folketal i kommune, 2014). Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.


Etne, Tysnes og Kvinnherad har størst «forgubbingstendens» i aldersgruppene 70-79 år og 80-89 år, sjå figur 10.

⁶ Sjå PlanGIS-kart for aldersfordeling på grunnkrinsnivå.



Figur 10: Aldersgruppe 70-90+ år (% av folketal i kommune, 2014). Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

I figur 11 er folketallet delt opp i førskulegruppa 0-5 år, skulealder 6-19 år, arbeidsfør alder 20-69 år og pensjonsalder 70-90+ år. Tendensen er den same ved at Sveio og Austevoll, samanlikna med dei andre kommunane, har prosentvis høgast del av 0-5-åringar. For yrkesaktiv alder 20-69 år er det mindre skilnad mellom kommunane. Skulealder 6-19 år syner relativt sett mindre variasjonar, men Tysnes og Etne kjem lågast ut. Tysnes, Kvinnherad og Etne er dei kommunane med høgast del av innbyggjarane i aldersgruppa 70-90+.




Figur 11: Aldersgrupper (% av folketal i kommune, 2014). Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

3.3 Tettstader

Tettstader er definert som eit geografisk område med minst 200 personar og der avstanden mellom husa ikkje overstig 50 meter. SSB har frå og med 1.1.2013 endra metoden⁷ for avgrensing av tettstader. Dette gjev ei meir nøyaktig avgrensing i forhold til at yttergrensene (randsonen) til tettstadene i større grad følgjer grensene til vegar og bebygde element som til dømes tomtegrenser. I Sunnhordland har dette fått som konsekvens at Valvatna i Stord kommune og Førde i Sveio kommune ikkje lenger er definerte som tettstader.


Fordelinga av personar i og utanfor tettstader i Sunnhordland varierer mellom kommunane, sjå figur 12. Kommunar med fleire enn halvparten av innbyggjarane busette i tettstader er Stord (93 %), Kvinnherad (62,3 %) og Bømlo (59,3 %). Stord kommune er i denne samanhengen i ei særstilling, og er med tettstadene Leirvik og Sagvåg einaste kommune som kan seiast å ha eit bypreg. I kommunane Etne, Sveio, Fitjar, Austevoll og Tysnes bur fleire enn halvparten av innbyggjarane utanfor tettstader. I Tysnes gjeld dette heile tre av fire innbyggjarar.

⁷ Referanse: <http://www.ssb.no/bef tett/>



Figur 12: Fordeling av personar i og utanfor tettstader (2013). Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

Som eit supplement til statistiske data, syner kartet i figur 13 den geografiske fordelinga av tettstader i kommunane. Befolkingskonsentrasjonen kring Leirvik og Sagvåg i Stord kommune kjem tydeleg fram, likeins for dei andre kommunesentra. Den geografiske fordelinga er også ujamn mellom kommunane, og gjev ein peikepinn på grad av befolkningskonsentrasjon internt i kommunane. Bømlo og Kvinnherad har til dømes befolkninga spreidd i fleire tettstader enn Tysnes og Etne. Med nokre unntak er eit fellestrekk sjønære tettstader i regionen.



Figur 13: Tettstader i Sunnhordland 2013. Kjelde: SSB

4 Infrastruktur


Infrastruktur er eit sentralt temaområde i diskusjonen kring kva som skaper regional vekst, og er kanskje den enkeltfaktoren som kan ha størst innverknad på folketalsutvikling og sysselsetjing i dei fleste kommunane. Sunnhordland har med sitt dominerande øy- og fjordlandskap store utfordringar når det gjeld infrastruktur og kommunikasjonar, både når det gjeld vegnett og vegstandard på land og sjøtransport med ferje- og hurtigbåtsamband.

Trekantsambandet har gjeve eit løft for næringsliv og handel i regionen, og der nyleg avslutta bompengerperiode kan gje interessante konsekvensar for aksene Sveio-Stord der Stord og Heiane-området kan stå rusta til å ta tilbake noko av handelslekkasjen sørover mot Haugesund. Bømlopakken vil gje Bømlo ei etterlengta opprusting av sitt vegnett, og Etne står foran opprusting av og bygging av nye traséar for E134 gjennom kommunen. Det kan også tenkast konsekvensar av eventuelle nye vegsamband på aksene aust-vest over Haukelifjell.

Andre pågåande prosessar er mellom anna knytt til ferjesambandet mellom Stord og Kvinnherad som over lengre tid har vore eit samferdslepolitisk tema i regionen. Denne diskusjonen har mellom anna bakgrunn i Halsnøysambandet som først og fremst var strategisk og viktig som fastlandssamband for Halsnøy. Det største enkeltprosjektet for regionen vil likevel vere ny ferjefri kyststamveg langs E39 med kryssing over Tysnes og Bjørnefjorden (sjå avsnitt 4.1).

Tilbodet for hurtigbåtsamband er sterkt redusert etter at Flaggruten vart lagt ned 1. januar 2014. Det er framleis hurtigbåtsamband nordover mot Flesland og Bergen, men det er ikkje lenger mogleg å reise sørover mot Haugesund og Stavanger med hurtigbåt. Mykje av denne trafikken er erstatta av langdistansebussar, som mange vil kunne ha som eit godt og effektivt transportalternativ langs kysten.


Dagens infrastruktur med europa- og fylkesvegar inkludert ferjesamband er synt i figur 14. Med pågåande prosessar knytt til utbygging av ny og utbetring av eksisterande infrastruktur vil dette kartet endre seg i åra som kjem, både i retning nord-sør og aust-vest.



Figur 14: Europa- og fylkesvegar i Sunnhordland.

Infrastruktur er også eit aktuelt tema i forhold til ny senterplan i Hordaland fylke. Fram til no har Stord vore einaste regionsenter i Sunnhordland, med Odda og Os som regionsenter i næraste omland. Kartet i figur 15 syner avstandar mellom Leirvik og andre kommunesentra i Sunnhordland. Det er forsøkt målt avstandar etter kortaste veg, men det vil sikkert vere variasjonar alt etter kva for målemetode og kartgrunnlag som er brukt. Det er også estimert køyretid som rettleiande for dei einkilde strekningane. For strekningar med ferjesamband er det tatt med overfartstid oppgitt i rutehefte til det einkilde ferjeselskap. Det er ikkje tatt med ventetid på ferja i tidsrekneskapen.

Dei fleste av innbyggjarane i regionen bur innafor ein reiseavstand på ein time til Leirvik. Unntaka er Etne og delar av Kvinnherad. Nordre delar av Kvinnherad vil likevel vere innafor ein times reisetid til regionsenteret Odda.



Figur 15: Reiseavstander mellom Leirvik og andre kommunesentra.

4.1 E39 Stord-Os⁸

I eit framtidsperspektiv er det eit spørsmål om kva for utslag ny ferjefri kyststamveg (E39) mellom Stavanger og Bergen vil ha for kommunane langs traséen i Sunnhordland. For Tysnes kommune vil ein endra infrastruktur med gode kommunikasjonar nordover mot bergensområdet og sørover mot Stord, Haugesund og Stavanger kunne gje kommunen eit strategisk utgangspunkt for ny vekst. Med ei tettare tilknytning til arbeidsmarknaden i bergensregionen vil nytt vegsamband også ha konsekvensar for Stord, Fitjar og Bømlo.

Ny infrastruktur vil også ha konsekvensar for Kvinnherad i høve alternative påkoplingspunkt for ny E39. Her er det i gang eit eige planarbeid, «Moglegheitsanalyse for fylkesvegsamband med tilknytning til E39 Akdsdal-Os⁹». Dette planarbeidet er mellom anna tenkt som eit fagleg innspel til og grunnlag for arbeidet i høve statleg plan for E39. I tillegg er det eit bidrag til å avklare kva for planar og utgreiingsbehov det vil vere


⁸ <http://www.vegvesen.no/Europaveg/e39stordos>

⁹ <http://einnsyn.hfk.no/einnsyn/Utvalgsbehandling/ShowUtvalgBehandlingDocument/1671/SaksFremlegg>

for framtidige fylkesvegar. Planarbeidet vil også vere ein viktig premis for neste rulleringar av regional transportplan (RTP) og regional planstrategi, samt framtidige regionale planar.

Statens vegvesen framhevar følgjande mål for ny E39 mellom Stord og Os: Kortare reisetid, færre ulukker totalt, inga møteulukker, reduserte reisekostnader og knytte bu- og arbeidsområde tettare saman. I høve framdrift er det eit mål å ha planprogram på høring vinteren 2015, og eventuell plan i løpet av 2016. Målet er å nå komande nasjonal transportplan (NTP).

Dette er ein statleg plan, og planen skal gjennom ein ordinær planprosess med vedtak i departementet. Statens vegvesen står for utarbeiding av planen.




Figur 16: Alternative vegtrasèar mellom Stord og Os. Kjelde: Statens vegvesen.

5 Kompetanse

Å sikre kompetent og kvalifisert arbeidskraft er viktig for både privat og offentlig sektor. Generelt trengs det høgare utdanna arbeidstakarar i kunnskapsbaserte verksemdar. Samstundes har det i offentlig debatt vore framme ein diskusjon om korvidt samfunnet risikerer ei overkvalifisering, sidan det er fleire no enn tidlegare som tar høgare utdanning på masternivå. Perspektiv på dette er mellom anna framme i arbeidsplassanalysen i kapittel 8, som også inneheld spørsmål som gjeld kompetanse for verksemdar i ulike sektorar i Sunnhordland.


SSB definerer «Universitets- og høgskolenivå -kort» som høgare utdanning til og med 4 år, medan «Universitets- og høgskolenivå-lang» er definert som utdanningar på meir enn 4 år, i tillegg til forskarutdanning. Det er personar over 16 år som er medrekna i denne statistikken¹⁰.

For Sunnhordland er fordelinga av dei ulike utdanningskategoriane vist i figur 17. I kraft av større befolkning har Stord også flest personar med høgare utdanning, både kort og lang.



Figur 17: Utdanningsnivået i kommunane, personar over 16 år. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB


Samanlikna med Hordaland har Sunnhordland ein rimeleg god auke i personar med høgskule- og universitetsutdanning, sjå figur 18.




Figur 18: Utdanningsnivå, prosentvis endring 1990-2013. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

¹⁰ <http://www.ssb.no/utdanning/statistikker/utniv/aar/2014-06-19#content>


Figur 19, figur 20 og figur 21 syner utviklingstendensar i perioden 1990-2013 for utdanningsnivå for begge kjønn (personar) for dei tre største kommunane Stord, Kvinnherad og Bømlo. For alle tre kommunar er det nedgang i grunnskolenivå og auke i vidaregåandeskule-nivå. Universitets- og høgskolenivå aukar i perioden for alle tre kommunar.



Figur 19: Tendens utdanningsnivå for Stord, begge kjønn. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB



Figur 20: Tendens utdanningsnivå for Kvinnherad, begge kjønn. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB



Figur 21: Tendens utdanningsnivå for Bømlo, begge kjønn. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB


6 Bustadbehov

Samla bustadbehov for Hordaland er 67 000 fleire bustader i 2030 (28 000 vil vere for einslege) (AUD-rapport 2-2014). I Sunnhordland har dei fleste kommunane estimert relativt stor vekst i sitt bustadbehov, med unntak av Tysnes og Kvinnherad, sjå tabell 4 med prosentvis auke og grafisk framstilling av absolutte tal i figur 22.

Eit spørsmål er i kor stor grad kommunane i Sunnhordland er budde på framtidig bustadbehov. Eit fleirtal av kommunane har i løpet av dei siste fire-fem åra rullert arealdelen i sine kommuneplanar, medan dei resterande kommunane vil gjennomføre rulling i næraste framtid. Oppdaterte kommuneplanar gjev generelt grunn til å tru at det er tatt høgde for bustadbehovet i komande planperiodar, som hovudsakleg vil vere samanfallande for perioden med befolkningsframskrivinga.


Tabell 4: Bustadbehov 2015-2030, samla tal og prosent auke. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

År	2015	2020	2025	2030	% auke
Sunnhordland	26692	28436	30270	32177	20,5
Etne	1720	1809	1902	1994	15,9
Sveio	2198	2435	2689	2961	34,7
Bømlo	4697	4998	5322	5656	20,4
Stord	8035	8737	9474	10248	27,5
Fitjar	1289	1372	1473	1589	23,3
Tysnes	1242	1257	1261	1269	2,2
Kvinnherad	5654	5790	5920	6029	6,6
Austevoll	1857	2038	2229	2431	30,9



Figur 22: Framskriving bustadbehov 2015-2030. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

Sunnhordland er per i dag den nest største regionen i fylket målt etter folketal. Som tabell 3 syner er det likevel andre regionar som vil passere Sunnhordland i åra framover. Dette biletet vert spegla i figur 23, der Sunnhordland har ein framtidig bustadvekst som er under gjennomsnittet for Hordaland. Med vekst sett i forhold til bustadutvikling i eigen region, er det verdt å merke seg at det berre er Hardanger og Voss som har lågare framskrive behov enn Sunnhordland.



Figur 23: Framskriving bustadbehov 2015-2030, regionar Hordaland. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

7 Arbeidsmarknad

Dette avsnittet har fokus på sysselsetjing, verksemdar, arbeidsplassdekning og pendling. Sunnhordland har tradisjonelt hatt eit dynamisk og aktivt næringsliv, ikkje minst med fokus på maritime og marine næringar. Regionen er den nest største i fylket med omsyn på sysselsetjing innafor alle sektorar. Det er likevel andre regionar i fylket som i prognosar for 2015-2030 har forventa større vekst enn Sunnhordland. Det er også til dels store skilnader mellom kommunane i Sunnhordland.


7.1 Sysselsetjing

Dette avsnittet fokuserer på sysselsetjingsutviklinga etter arbeidsstad i perioden 2008-2013, samt prognosar for perioden 2015-2030. For perioden 2008-2013 har den samla veksten i sysselsetjinga i Sunnhordland vore på 2,1 prosent, sjå tabell 5. Det er ujamn fordeling av denne veksten mellom kommunane i Sunnhordland, men alle kommunane utanom Kvinnherad har positiv vekst. Størst vekst har Austevoll i seksårsperioden med 23,7 prosent, medan Kvinnherad har reduksjon på -5,7 prosent.

Tabell 5: Sysselsette 2008-2013, alle sektorar (veke 47 kvart år). Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013	% endring '08-'13
Sunnhordland	28070	28105	27726	28262	28199	28670	2.1
Etne	1649	1673	1623	1775	1666	1650	0.1
Sveio	1361	1385	1357	1358	1384	1449	6.5
Bømlo	4846	4831	4819	4865	4885	4871	0.5
Stord	9630	9523	9159	9228	9356	9685	0.6
Fitjar	1145	1157	1191	1232	1236	1260	10.0
Tysnes	991	987	1063	1080	1066	1092	10.2
Kvinnherad	6083	6021	5953	6028	5748	5738	-5.7
Austevoll	2365	2528	2561	2696	2858	2925	23.7

Grafisk framstilling i figur 24 syner at det er kommunane Stord, Kvinnherad og Austevoll som har opplevd større variasjonar i sysselsetjinga i perioden. Stord som større industristad opplever svingingar i høve oppdrags situasjonen på dei største verksemdene som til dømes Kværner Stord. Kvinnherad har utsette industriarbeidsplassar ved Sør-Norge Aluminium (Hydro Husnes), og har markert nedgang i sysselsetjinga frå 2011 til 2012. Austevoll har stabil sysselsetjingsvekst som kan reflektere kommunen sin posisjon innafor fiskeri- og havbruksnæringa.




Figur 24: Sysselsette 2008-2013 (veke 47 kvart år). Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB

Sunnhordland er den nest største arbeidsmarknadsregionen i Hordaland, målt etter sysselsette, sjå tabell 6. Det er likevel tre regionar - Bergen, Vest og Voss - som har større vekst enn Sunnhordland. Særleg har veksten vore stor i region Vest, med kommunane Fjell, Sund, Øygarden og Askøy.

Tabell 6: Sysselsette 2008-2013 regionar i Hordaland, alle sektorar (veke 47 kvart år). Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

År	2008	2009	2010	2011	2012	2013	% endring '08-'13
Region							
Sunnhordland	28070	28105	27726	28262	28199	28670	2.1
Hardanger	10877	10648	10652	10669	10359	10350	-4.8
Voss	6467	6590	6706	6809	6969	7031	8.7
Bjørnefjorden	8211	8090	8066	8264	8177	8179	-0.4
Bergen	155668	154963	155379	158780	162020	164696	5.8
Vest	19180	19663	20411	20979	21750	22283	16.2
Osterfjorden	4325	4212	4135	4260	4328	4296	-0.7
Nordhordland	12446	12421	12557	12686	12638	12646	1.6

Framskriving av arbeidsmarknaden målt i sysselsette for perioden 2015-2030 syner at alle kommunar utanom Tysnes og Kvinnherad vil ha forventa vekst, sjå figur 25. Prosentvis endring i tabell 7 syner Sveio og Austevoll med høgast vekst på om lag 28 prosent, der Stord med 19,5 prosent ligg midt på treet. Tysnes og Kvinnherad kjem ut med reduksjon i sysselsetjinga. For Kvinnherad som ein større kommune vil ein vidare analyse kring dette forholdet vere interessant.




Figur 25: Framskriving arbeidsmarknad 2015-2030. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, Fylkesprognoser.

Tabell 7: Framskriving sysselsette 2015-2030, alle sektorar. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, Fylkesprognoser.

	2015	2020	2025	2030	% endring '15-'30
Sunnhordland	33366	34845	36354	38021	14,0
Etne	2237	2332	2422	2519	12,6
Sveio	2884	3123	3393	3705	28,5
Bømlo	6100	6379	6661	6937	13,7
Stord	9800	10405	11024	11709	19,5
Fitjar	1629	1696	1775	1873	15,0
Tysnes	1359	1326	1292	1276	-6,1
Kvinnherad	6594	6575	6530	6481	-1,7
Austevoll	2763	3009	3257	3521	27,4

Med fokus på Stord som regionsenter syner figur 26 kor mange sysselsette det er i respektive statleg og fylkeskommunal forvaltning i kommunane. Som regionsenter er det ikkje uventa at Stord har dei fleste av denne type arbeidsplassar.




Figur 26: Sysselette i statleg og fylkeskommunal forvaltning, 2013. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB

7.2 Verksemdar i kommunane

Verksemdar er definert å vere innafor følgjande sektorar: primærnæringsar; oljeutvinning og bergverk; industri, bygg- og anlegg, kraft- og vassforsyning og gjenvinning; hotell, restaurant, handel og transport; finans og forretningsmessig tenesteyting; undervisning og forskning; anna tenestyting.

Sunnhordlandkommunane har i 2014 første kvartal tilsaman 6185 verksemdar, med og utan tilsette. Verksemdar utan tilsette er til dømes innafor primærnæringsar og investerings- og holdingsselskap. Figur 27 syner utviklinga av verksemdar med tilsette i perioden 2009-2014. Prosentvis endring innan same kommune fordeler seg slik mellom kommunane: Etne (4,9 %), Sveio (14,7 %), Bømlo (11,3 %), Stord (12,1 %), Fitjar (10,2 %), Tysnes (6,6 %), Kvinnherad (14,7 %) og Austevoll (28,5 %).




Figur 27: Tal på verksemdar - alle næringsar med tilsette 2009-2014. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

7.3 Arbeidsplassdekning

Arbeidsplassdekning er i «Hordaland i tal» (AUD-rapport 2/2014) definert som talet på arbeidsplassar (sysselsette etter arbeidsstad) i prosent av talet på arbeidstakarar (sysselsette etter bustad). Ein kommune med arbeidsplassdekning på meir enn 100 prosent har fleire arbeidstakarar som arbeider i kommunen enn dei som er busette i kommunen - inkludert dei som arbeider i eigen kommune eller andre stader.

Stord har som forventa over 100 prosent arbeidsplassdekning, og er på linje med andre regionsenter i fylket, sjå figur 28. Det er meir overraskande at Austevoll har meir enn 100 prosent dekning. Med bakgrunn i pendlingsdata i avsnitt 7.5 er det også som forventa at Sveio har lågast arbeidsplassdekning med sin nærleik til arbeidsmarknaden i haugesundsområdet. Likeins samsvarer dei same pendlingsdata med arbeidsplassdekninga for Stord.




Figur 28: Arbeidsplassdekning 2013. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, AUD-rapport Hordaland i tal (2/2014).

7.4 Maritime og marine næringar

Dei maritime og marine næringane står sterkt i Sunnhordland, men varierer også mykje mellom kommunane. Mellom anna er Etne og Sveio i liten grad representert i denne statistikken. Figur 29 syner sysselsette i maritim sektor, fordelt på rederi, verft, tenesteleverandørar og utstyrsprodusentar. Det er totalt 5442 sysselsette innafør maritime og marine næringar i regionen.


Det er kommunane Bømlo, Stord, Kvinnherad, Fitjar og Austevoll som i hovudsak markerer seg med aktivitetar innan maritim sektor, særleg gjeldande for verftsindustrien. Fiskeri- og sjøfartskommunen Austevoll er størst innan rederiverksemnd.



Figur 29: Sysselsette i maritime næringer 2012. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

Sysselsette i marin sektor i 2012 fordelt på fiske, oppdrett, foredling, salg, tenesteleverandørar og utstyrsprodusentar er vist i figur 30. Samla tal for denne sektoren er 1767 sysselsette.

Kommunane Bømlo, Tysnes, Kvinnherad og Austevoll har flest sysselsette innafør marin sektor. Den største marine næringa er innafør havbruksnæringa med oppdrett og foredling. Oppdrett er den einaste marine næringa som har sysselsette i alle kommunane.



Figur 30: Sysselsette i marine næringer 2012. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.


7.5 Pendling

Pendlingsmatrisen i tabell 8 er basert på pendlingsstraumar per 4. kvartal i 2013. Definisjonen av pendlarar er personar som arbeider i ein annan kommune enn der dei bur. Pendlingsstatistikk kan i nokre tilfelle vere noko misvisande da det ikkje alltid er samsvar mellom verksemda si adresse og oppmøteplass for arbeidstakar. Dette gjeld til dømes bygg- og anleggsbransjen og transportnæringa.

Stord kommune har ei netto innpendling i forhold til omlandskommunane, sjå tabell 8 og kartframstilling i figur 31 og figur 32. Unntaket er Austevoll som har fleire som pendlar frå Stord (16) enn til Stord (9). Det er flest pendlarar til Stord frå Bømlo, Fitjar og Kvinnherad. Frå Stord er det flest pendlarar i retning Fitjar og Bømlo. Netto innpendling for Stord samsvarer godt med arbeidsplassdekninga framstilt i avsnitt 7.3.

Tabell 8: Pendlingsmatrise 2013. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

Til arbeidsstad	Sunnhordl.	Etne	Sveio	Bømlo	Stord	Fitjar	Tysnes	Kvinnherad	Austevoll
Frå Bustad									
Sunnhordland	26110	1402	1178	4556	9148	1203	974	5326	2323
Etne	1408	1375	2	1	6	0	0	24	0
Sveio	1239	6	1101	28	100	0	0	2	2
Bømlo	5014	1	40	4316	609	24	2	7	15
Stord	8238	4	30	185	7718	228	21	36	16
Fitjar	1403	0	4	14	434	934	3	2	12
Tysnes	1020	0	0	2	79	4	914	17	4
Kvinnherad	5487	16	0	8	193	2	21	5238	9
Austevoll	2301	0	1	2	9	11	13	0	2265




Figur 31: Arbeidspendling frå Stord til andre kommunar i Sunnhordland 2013. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.



Figur 32: Arbeidspendling til Stord frå andre kommunar i Sunnhordland 2013. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.


Stord som regionsenter skal vere eit lokomotiv for heile Sunnhordland. Det er difor interessant å sjå på pendlingsstatus i høve resten av Hordaland og mot Rogaland ved haugesunds- og stavangerområdet. Figur 33 syner arbeidspendling til og frå Sunnhordland frå ulike regionar i Hordaland og Rogaland. Totalt har Sunnhordland eit pendlingsunderskot med 1903 personar som pendlar inn til regionen og 4530 personar som pendlar ut av regionen.



Figur 33: Arbeidspendling til og frå Sunnhordland, 2013. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

Pendling til sokkelen (offshorependling) utgjorde 822 personar i 2013, samla for Sunnhordland. Frå Stord pendla 110 personar til sokkelen, 250 personar frå Bømlo og 168 personar frå Kvinnherad.

Haugesundsområdet, definert som Haugesund, Vindafjord, Tysvær og Karmøy, har størst innpendling frå Sunnhordland. Her utgjer Sveio ein større faktor med 1220 av totalt 2252 pendlarar til haugesundsområdet, sjå figur 34.



Figur 34: Pendling frå kommunar i Sunnhordland til haugesundsområdet (2013). Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB.

8 Arbeidsplassanalyse - verksemder i Sunnhordland

8.1 Metode

Arbeidsplassanalysen er basert på ei kvantitativ spørjeundersøking, med førespurnad til 22 utvalde verksemder i Sunnhordland. Utvalet inkluderte både private og offentlege verksemder, og representerer hjørnesteinsverksemder og eit utval innan marin, maritim og offentleg sektor i Sunnhordland.

Førespurnad om deltaking vart sendt på e-post, saman med ei kort skildring av bakgrunnen for prosjektet og spørjeundersøkinga. Sjølve spørjeskjemaet var elektronisk, og var i stor grad utforma som eit avkryssingsskjema, sjå vedlegg 2.

Førespurnaden vart følgd opp på telefon og e-post. Til saman 12 verksemder i offentleg og privat sektor svarte på skjemaet, og desse utgjer datagrunnlaget for analysen. Det er dagleg leiar/direktør eller HR/personalsjef i verksemdene som har svart på undersøkinga. Verksemder som har svart er lokalisert i kommunane Stord, Austevoll, Bømlo og Kvinnherad.


8.2 Bakgrunn verksemder

Åtte av dei tolv verksemdene oppgir at dei har fleire enn 200 fast tilsette. Hos åtte av verksemdene er det ei overvekt av menn, to av verksemdene har ei overvekt av kvinnelege tilsette, og to oppgir at dei har om lag jamn fordeling mellom kvinner og menn. Åtte av verksemdene har tilsette med ein gjennomsnittsalder på 40-49 år, medan fire av verksemdene har tilsette med ein gjennomsnittsalder på 30-39 år.

Ein stor del av dei tilsette i verksemdene har lokal tilknytning. 92 prosent svarar at «dei fleste» eller «over halvparten» av dei tilsette har lokal tilknytning. Samstundes er det mange nasjonalitetar representert hos dei fleste verksemdene. Heile 58 prosent oppgir at dei har sju eller fleire nasjonalitetar (utanom norsk) representert blant dei tilsette.


8.3 Kompetansebehov

Ni av verksemdene (75 %) svarer «Til ein viss grad» på spørsmålet om verksemda har eit udekket kompetansebehov i dag. Tre verksemder (25 %) svarer at dei ikkje har eit udekket kompetansebehov, sjå figur 35.




Figur 35 «Har verksemda eit udekket kompetansebehov i dag?»

Åtte av verksemdene (67 %) svarer «Til ein viss grad» på spørsmålet om verksemda har problem med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft i dag, sjå figur 36.




Figur 36: «Har verksemda problem med å rekruttere kvalifisert arbeidskraft i dag?»

Verksemdene vart i tillegg spurd om dei opplevde problem med å behalda kvalifisert arbeidskraft. Fem verksemdar (42 %) svarte «Til ein viss grad» på dette spørsmålet, 6 verksemdar (50 %) svarte nei, og ei verksemd svarte «Veit ikkje», sjå figur 37.




Figur 37: «Har verksemda problem med å behalde kvalifisert arbeidskraft?»

Det ser ikkje ut som om det udekkte kompetansebehovet har ført til store negative konsekvensar for verksemdene. Det store fleirtalet svarer negativt på dei foreslegne alternativa når det gjeld kva mangelen på kompetanse har ført til for verksemda. Berre to verksemdar (17 %) har til ein viss grad tapt kundar eller marknadsdelar, to verksemdar (17 %) har i større eller mindre grad skrinlagt eller utsett utviding av verksemda, ei verksemd (8 %) har til ein viss grad redusert verksemda, inga verksemdar har opplevd at kvaliteten på tenestene har blitt redusert, og ei verksemd (8 %) har til ein viss grad gjennomgått omstilling, sjå figur 38.




Figur 38: «Dersom verksemda har eit udekkte kompetansebehov i dag; har mangel på kompetanse ført til at verksemda har:»

Det vart vidare spurd om kva for tiltak som kan vera aktuelle å setje i verk for verksemdene når det gjeld å dekkje kompetansebehovet. Svara tydar på at alle dei føreslegne alternativa (tilsetje nye personar, heve kompetansen til dei tilsette, setje ut tenester til andre, leige inn ekspertise (for ein periode)) i varierende grad er aktuelle for verksemdene. Det å setje ut tenester til andre synest generelt sett å vere det minst aktuelle alternativet.




Figur 39: «Dersom verksemda har eit udekkka kompetansebehov i dag; er det aktuelt å dekkja behovet for kompetanse gjennom å:»

Ni av verksemdene (75 %) svarer at det til ein viss grad er aktuelt å dekkje kompetansebehovet gjennom å leige inn ekspertise. Verksemdene fekk også spørsmål om kva som eventuelt var hovudårsaka til at innleigd arbeidskraft vart nytta. Svara er presenterte i figur 40. Det ser ut til at verksemdene i større grad opplever at det er mangel på spesifikk kompetanse enn generell mangel på arbeidskraft som gjer at dei nyttar innleigd arbeidskraft. Det var høve til å oppgi andre grunnar i spørjeskjemaet enn dei to svaralternativa, men ingen av verksemdene har ført opp noko her.




Figur 40: «Dersom verksemda har innleigd arbeidskraft i dag; kva er hovudårsaka til dette?»

Eitt av spørsmåla i undersøkinga hadde fokus på årsaker til at verksemdene opplever eit udekkka kompetansebehov. Dei fleste verksemdene peikar på få kvalifiserte søkarar på utlyste stillingar, samt stor konkurranse om relevante søkarar. Lite fagmiljø, ikkje gode nok tilsetjingsvilkår og lite høve til fagleg vidareutdanning vert generelt sett ikkje vurdert som like aktuelle årsaker, sjå figur 41.



Figur 41: «Dersom verksemda har eit udekkka kompetansebehov i dag, kva trur du er hovudårsakene til dette?»


Verksemdene vart òg spurd om dei opplever at verksemda si geografiske plassering fører til at det er utfordrande å rekruttere kompetent arbeidskraft. Sju av verksemdene er einig i denne påstanden tre verksemdar svarar nei, medan to verksemdar er usikre, sjå figur 42.



Figur 42: «Opplever du at verksemda si geografiske plassering medfører at det er utfordrande å rekruttere kompetent arbeidskraft?»

8.4 Lærlingar


Heile elleve av verksemdene (92 %) svarar at dei har lærlingar i dag. Dei fleste av desse svarar positivt på moglegheitene for lærlingane for å få jobb i verksemda etter læretida, sjå figur 43.




Figur 43: «Dersom verksemda har lærlingar, kan desse rekna med å få jobb i verksemda etter læretida?»

8.5 Utdanningsnivå

Verksemdene vart spurde om utdanningsnivået til dei tilsette, og om kva for utdanningsnivå dei ser for seg at det vil vera behov for om 5-10 år. Svare er presenterte i figur 44 og figur 45, og svare gjev ingen tydelege indikasjonar på at verksemdene ser for seg ein annan samansetnad av tilsette om 5-10 år enn dei har i dag når det gjeld utdanningsnivå.



Figur 44: «Har verksemda personale på følgjande utdanningsnivå i dag?»



Figur 45: «Dersom du trur at behovet vil endra seg vesentleg framover; trur du at verksemda vil ha behov for å rekruttera personale på følgjande utdanningsnivå om 5-10 år?»

8.6 Annan kompetanse

Verksemdene vart spurde om kva for type kompetanse som vart vektlagd ved eventuelle nyttilsetjingar. «Teknologiforståing» er den kompetansen som flest verksemdar vektlegg i stor grad, følgd av «bruk av IKT-verktøy» og «munnleg formidlingsevne på norsk».

Dersom ein legg saman svara «Ja, i stor grad» og «Til ein viss grad», så er det «munnleg formidlingsevne på norsk» og «leiarkompetanse» som er dei mest vektlagde kompetansane, etterfølgd av «bruk av IKT-verktøy», «skriftleg formidlingsevne på norsk» og «teknologiforståing». Dei kompetansane som ser ut til å bli minst vektlagd ved nyttilsetjingar er «kjennskap til andre kulturar» og «kompetanse i framandspråk».

8.7 Oppsummering arbeidsplassanalyse

Litt over halvparten av verksemdene har svart på spørjeundersøkinga, og dei største verksemdene i ulike sektorar er representerte i undersøkinga. Verksemdene er plasserte i Stord, Bømlo, Kvinnherad og Austevoll. Metodisk må ein ta høgde for mogleg usikkerheit i svara. Eit forhold kan vere kor presis informasjon svarpersonen i verksemda har. Det kan og vere at ein kan ha svart taktisk for å ikkje avsløre negative sider vedrørande rekruttering og kompetanse.

Med metodiske atterhald er det generelle biletet at kompetansebehovet til ein viss grad er dekkja i dag, at det er ei utfordring å rekruttere ny kompetent arbeidskraft, men noko mindre utfordrande å halde på kvalifisert arbeidskraft. Eit til dels udekka kompetansebehov ser, kanskje litt paradoksalt, ut til ikkje å ha ein negativ effekt på aktiviteten ved verksemdene. Tiltak for å dekkje kompetansebehovet varierer mellom verksemdene med utgangspunkt i alternativa å tilsetje nye personar, heve kompetansen til dei tilsette, setje ut tenester til andre og leige inn ekspertise for ein periode.


Årsaker til eit udekka kompetansebehov kan vere få kvalifiserte søkjarar på utlyste stillingar og stor konkurranse om relevante søkjarar. Lite fagmiljø, ikkje gode nok tilsetjingsvilkår og lite høve til fagleg vidareutdanning vert generelt sett ikkje vurdert som like aktuelle årsaker. Spørsmålet om utdanningsnivå i dag og om 5-10 år gjev inga tydelege svar på om det er ønskje eller behov for ei anna personalmessig samansetjing i forhold til utdanningsnivå. Geografisk plassering kan ha ei innverknad på rekruttering av arbeidskraft.

9 Detaljhandel og dekningsgrad

Detaljomsetninga i Sunnhordland er konsentrert kring følgjande kjøpesentra (omsetnad i 2012 i parantes, mill. kr inkl mva): Etne Senter (145 mill), Husnes Storsenter (515 mill), Heiane Storsenter (361 mill), AMFI Stord (360 mill), Bytunet (91 mill) og Bømlo Storsenter (320 mill; Sams Senter, Østensen-bygget, Sekstanten Senter). Slår ein saman dei tre kjøpesentra på Stord har dei ein samla omsetnad på 812 mill. kr.

Dekningsgraden for detaljhandel er definert som: (Faktisk omsetning i detaljhandelen per innb. i kommunen/ Teoretisk omsetning per innb. i kommunen dersom kommunen hadde hatt same omsetning per innbyggjar som fylkesgjennomsnittet) *100.

Figur 46 syner oversikt over dekningsgraden for detaljhandelen i kommunane i 2012. Er denne større enn 100 indikerer dette at handelen er større enn tilfanget frå egne innbyggjarar. Stord er einaste kommune som har høgare dekningsgrad enn 100. Sveio sin låge dekningsgrad indikerer mellom anna stor handelslekkasje til Haugesund. Med gratis Trekantsamband etter 1. januar 2013 kan det tenkast at Stord vil få ein større del av denne handelslekkasjen.




Figur 46: Dekningsgrad detaljhandel 2012 i prosent. Kjelde: Hordaland fylkeskommune, SSB

10 Målpunkt Stord - undersøking om tenester og kjennskap til regionstatus

10.1 Bakgrunn og føresetnader

Som del av forprosjektet vart det utarbeidd ein målpunktanalyse¹¹ med føremål å skaffe noko meir dagsaktuelt faktagrunnlag i høve forholdet mellom Stord som regionsenter og omlandskommunane. Datainnsamling ved hjelp av spørjeskjema vart gjort i løpet av ein dag, onsdag 24. september, på ferje- og hurtigbåtsamband knytt til Stordøya, sjå figur 47. Målpunkt er knytt til kva for reisemål og tenester dei reisande har på Stord, i tillegg til spørsmål om kjennskap til og oppfatningar kring Stord sin status som regionsenter.

Det vert presisert at dette ikkje er ei omfattande undersøking med lik statistisk representasjon mellom kommunane i datamaterialet, men ein presentasjon av eit tidsbilette med indikasjonar på ulike resultat. Fordelinga av svar er også styrt geografisk ved plasseringa av dei ulike sambanda, noko som gjev ei geografisk diskriminering av kommunane Bømlo, Sveio, Etne og delvis Fitjar. Undersøkinga byggjer på totalt 583 innsamla spørjeskjema. Av desse har 171 oppgjeve Stord som reisemål. Trekk ein frå reisande med bustadadresse Stord kommune, så står ein att med 131 svar. Talmaterialet er vidare avgrensa til reisande frå kommunar i Sunnhordland utanom Stord. Dette utgjer eit datamateriale med 102 svar fordelt på Kvinnherad (64), Tysnes (21), Austevoll (14), Sveio (1), Etne (1) og Bømlo (1). Det er med andre ord reisande frå Kvinnherad, Tysnes og Austevoll som er grunnlaget for del 1 av spørjeskjemaet som gjeld bruk av tenester på Stord.



Figur 47: Kart over ferje- og hurtigbåtsamband brukt i datainnsamlinga.


På bakgrunn av avgrensa omfang i datamaterialet og andre atterhald skildra i vedlegg 1, er det likevel nokre resultat som kan løftast fram som relevante og interessante i høve indikatorar for Stord sin status i dag, og som kan danne utgangspunkt for vidare analysar.

¹¹ For meir informasjon om undersøkinga, sjå vedlegg 1.

10.2 Bruk av tenester i Stord

Spørsmål i undersøkinga knytt til bruk av tenester vart formulert som følgjer: «Dersom du skal til/har vore i Stord kommune som endeleg eller del-reisemål, kva for tenester vil du nytte/vart nytta?» Fleire kryss var mogleg. Målet med spørsmålet er med andre ord å få tak i dei reisande med ulike ærend på Stord. I analysen er reisande med bustadadresse Stord tatt ut av datamaterialet, slik det går fram av figur 48.

I skjemaet var det for kvar variabel to svarkategoriar, «I dag» og «2014». Desse er i analysen slått saman slik at om det er kryssa av for anten «I dag», «2014» eller begge deler, så er det telt som 1 i analysen. Grunngevinga for denne justeringa er at det ved gjennomgang av skjema kom klart fram at fleire respondentar har hatt problem med å skilje desse to svaralternativa.



Figur 48: Reisande frå kommunar i Sunnhordland (utanom Stord) med reisemål Stord i perioden 01.01.-24.09.14.

I forhold til tidlegare gjennomgang av dekningsgraden for handel og arbeidsplassar i regionen er det ikkje overraskande at det er «handel» og «arbeidsreise» som er dei to største variablane. «Privat besøk» er ikkje direkte knytt til regionale tema. «Studiereiser» kan vere knytt til Høgskolen Stord/Haugesund og Stord vidaregåande skule. «Private tenester» er og høgt oppe på lista, og kan knyttast til tenester som ikkje nødvendigvis er spesifikke for eit regionsenter. Det kan likevel vere spesialtenester innafor private helse- og konsulenttenester som er unike for Stord. «Restaurant» har moneleg ein overraskande høg prosentdel, noko som kanskje kan forklarast av etablering av ny restaurant i Leirvik, og elles vere ein indikator på Stord som attraktiv innafor denne type tilbod.

Kategoriene «Stord Sjukehus», «kommunikasjon» og «Stord trafikkstasjon» speglar regionale funksjonar, i tillegg til handel. I forhold til trafikkstasjon har innbyggjarar i regionen alternativ i Bergen, Odda og Haugesund. I kommentarfelt i spørjeskjemaet er det til dømes nemnt av respondent frå Kvinnherad at vedkommande bruker trafikkstasjonen i Odda, sannsynlegvis på bakgrunn av buplass lenger nord i Kvinnherad.


«Kultur/idrett» kan vere knytt til Stord kommune sin kino, framsyningar i Kulturhuset og andre større idrettsarrangement mellom anna i Stord Idrettspark. Det er få som har nytta regionale tenester som «politi/pass» og «sorenskrivar». Med utgangspunkt i utvalet i spørjeundersøkinga er dette ikkje overraskande, da dette er tenester som ikkje ofte er i bruk. Tenester innafor «hotell/camping» er heller ikkje særleg i bruk, noko som også er naturleg da overnatting på Stord frå nabokommunar i mindre grad er

aktuelt. Det same gjeld «kommunale tenester» som i utgangspunktet er mynta på Stord sine egne innbyggjarar. Ekstern bruk av kommunale tenester kan til dømes vere knytt til eigedomsforhold i kommunen.

10.3 Kjennskap til Stord som regionsenter

Oppfatningar og haldningar til Stord varierer mellom kommunane i regionen, og kan fortelje noko om Stord sin posisjon som regionsenter i dag. I målpunktanalysen vart det difor spurt om reisande veit at Stord er regionsenter i Sunnhordland, tre påstandar kring temaet og kva ein elles reknar som sitt regionsenter. Generelt kan det seiast at tematikk og diskusjonar kring regionstatus ikkje er eit kvardagstema for folk flest. I spørjeskjemaet vart ikkje regionsenter som omgrep definert, mellom anna fordi det ikkje eksisterer ein kort og konsis definisjon av omgrepet. Gjennomgangen av skjema viser og at regionsenter kan bli tolka som til dømes handelssenter eller kommunesenter.

Eit stort fleirtal på tvers av alle kommunane svarer ja på spørsmålet «Visste du at Stord er regionsenter i Sunnhordland?», sjå figur 49¹². Det er likevel variasjonar mellom kommunane der det i Kvinnherad og Tysnes er færre enn 70 prosent som svarer ja, og der Kvinnherad er den kommunen som har flest nei-svar. Det er elles som forventa ein høg ja-prosent for respondentar frå Stord. For Austevoll kunne ein kanskje forvente ein større nei-prosent når ein ser kommunen som geografisk plassert nærare Bergen.




Figur 49: Kunnskap om Stord som regionsenter. Tal på respondentar i parantes. Ver merksam på at det for nokre kommunar er nokre få som ikkje har svart verken ja eller nei.

På spørsmål om alternative regionsenter er Husnes, Rosendal, Haugesund, Bergen og Svortland stader som går att i svarmaterialet. Eit gjennomgåande trekk er at det er sitt eige kommunesenter som blir alternativet når ein ikkje oppfattar Stord som sitt regionsenter. Dette kan ha med tolking av og kunnskap kring definisjonen av eit regionsenter, eller det kan vere alternativ basert på kunnskap om Stord som regionsenter.

Ser ein samla på alle kommunar i Sunnhordland svarer 76,1 prosent «ja» og 21,9 prosent «nei» på spørsmålet om kjennskap til Stord som regionsenter, sjå figur 50. I tillegg er det i figuren tatt med utval av reisande frå kommunar i Hordaland og Rogaland utanom Sunnhordland med resultat 58,5 prosent som svarer «ja» og 40,4 prosent som svarer «nei».


¹² Merk at Sveio (9) og Etne (7) er utelatt pga færre enn 10 svar. I tolking av data må det og takast høgde for større variasjonar i datamaterialet der til dømes Fitjar med sine 20 respondentar har eit vesentleg svakare datagrunnlag enn Kvinnherad med 118 respondentar.



Figur 50: Prosentdel av reisande som har kjennskap til Stord som regionsenter (N=tal på, M=manglar).


10.4 Påstandar kring Stord som regionsenter

Påstanden «Eg opplever Stord som «mitt» regionsenter i Sunnhordland» gjev eit forventa resultat for dei med buplass Stord med 68 prosent heilt einig og 19 prosent litt einig, sjå figur 51. For Kvinnherad, Austevoll og Bømlo er det færre enn halvparten som opplever Stord som sitt regionsenter. Om lag 1 av 5 i Kvinnherad og 1 av 4 i Austevoll svarer «veit ikkje». Austevoll har også høgast prosentdel «ikkje relevant», eit forhold som kan spegle Austevoll si geografiske plassering nærare Bergen.




Figur 51: Påstand 1: "Eg opplever Stord som "mitt" regionsenter i Sunnhordland"

Når det gjeld påstand nummer to, «Stord har viktige regionale funksjonar», syner svara at dei fleste har ei oppfatning av at regionsenteret Stord har viktige funksjonar, sjå figur 52. Samanslåtte tal for litt og heilt einig gjev 71,1 prosent som snittal for alle kommunane. Dette går litt ned til 65,7 prosent når ein tar vekk respondentar frå Stord i analysen, sjå figur 55.





Figur 52: Påstand 2: "Stord har viktige regionale funksjonar"

For påstand nummer tre, «Stord klarer på ein god måte å ta vare på sin status som regionsenter», endrar fordelinga av kategoriene seg ein del, sjå figur 53. Kategorien «veit ikkje» er merkbar meir framtreddande med eit snitt på 28,3 prosent, og kommunane Bømlo, Austevoll og Kvinnherad med høgast prosentdel her.





Figur 53: Påstand 3: «Stord klarer på ein god måte å ta vare på sin status som regionsenter.»



Nedanfor er alle åtte sunnhordlandskommunar med i talmaterialet. I tillegg er kategoriene «heilt ueinig» og «litt ueinig» slått saman til «ueinig», og kategoriene «heilt einig» og «litt einig» til «einig».



Figur 54: Påstand 1 - «Eg opplever Stord som mitt regionsenter i Sunnhordland»



Figur 55: Påstand 2 - «Stord har viktige regionale funksjonar»



Figur 56: Påstand 3 - «Stord klarer på ein god måte å ta vare på sin status som regionsenter»

10.5 Oppsummering målpunkt

Datamaterialet har eit avgrensa omfang, men det er likevel nokre trekk som kan kommenterast. Det første er at handel er den mest nytta tenesta eller tilbodet i Stord, ein indikasjon som stadfestar dekningsgraden for detaljhandel på Stord. Det andre er at eit stort fleirtal har kjennskap til Stord sin status som regionsenter, og at det er stor semje om at Stord har viktige regionale funksjonar. Skepsisen og usikkerheita er derimot større når det gjeld korleis Stord forvaltar si rolle som regionsenter. Her svarer 28,3 prosent utanom Stord «veit ikkje» på påstand nummer tre, «Stord klarer på ein god måte å ta vare på sin status som regionsenter», i tillegg til at berre om lag halvparten er einig i påstanden. Det er også forskjellar mellom kommunane, der særleg respondentar frå Kvinnherad har eit meir negativt syn på Stord som regionsenter og oppgaver Stord er forventa å ha til denne statusen.

Denne avgrensa undersøkinga inviterer til å gå djupare inn i problemstillingar knytt til om Stord er ein ressurs og lokomotiv for omlandet, og om regionsenteret i større grad trekk til seg ressursar på ulike område.

11 Rangeringar av kommunane, lokal og nasjonalt

Eit supplerande og utfyllande perspektiv er å sjå sunnhordlandsregionen og kommunane i lys av rangeringar i NHOs KommuneNM¹³ og NæringsNM, samt Kommunebarometeret 2014¹⁴ utarbeidd av Kommunal Rapport. Rapportane knytt til desse statistikkane inneheld eit stort mangfald av indikatorar, men som ikkje i detalj vert gjennomgått her.

KommuneNM rangerer alle 428 kommunar i Norge samt 79 regionar etter 19 indikatorar som speglar regionane si vekstkraft og attraktivitet for næringslivet. Dei 19 kategoriane er aggregert opp til fem områdeindikatorar og ein hovudindikator (alle), slik det går fram i tabell 9.

Tabell 9: Rangering av kommunar i NHOs KommuneNM 2014, 2008 og 2013. Grøn farge er best og raud farge er dårlegast i klassen i 2013. Kjelde NHO/Vista Analyse.

	Alle		Arbeidsmarknad		Demografi		Kompetanse		Lokal attraktivitet		Kommuneøkonomi	
	2008	2013	2008	2013	2008	2013	2008	2013	2008	2013	2008	2013
Austevoll	28	18	24	8	90	70	41	22	86	34	10	116
Stord	32	19	38	52	57	52	18	18	129	86	46	4
Bømlo	56	56	75	77	51	149	58	55	125	65	111	109
Sveio	154	94	310	258	104	101	205	293	103	62	117	74
Fitjar	78	96	127	145	197	231	35	62	101	74	109	170
Etne	117	144	86	86	183	161	298	280	119	171	87	167
Kvinnherad	192	252	107	153	210	313	106	135	322	264	187	258
Tysnes	270	267	236	131	223	339	122	174	395	380	204	161

Tabellen er sortert etter hovudindikator «alle» for årstal 2013, og syner kommunane sin plass i forhold til alle norske kommunar. Jo lågare tal, jo betre plassering. Det er i tillegg tatt med årstal 2008 for å sjå tendensar i rangeringar over ein femårsperiode. Austevoll og Stord inntar plass nr 18 og 19 i KommuneNM for 2013, og begge kommunane har betra rangeringa med respektive 10 og 13 plassar i femårsperioden. Vidare har Bømlo same plassering i 2013 som i 2008, Sveio har klatra 60 plassar til 94. plass, Fitjar er ned 18 plassar til 96. plass, Etne er ned 27 plassar til 144. plass, Kvinnherad er ned 60 plassar til 252. plass og Tysnes har gått opp tre plassar til 267. plass. Alle kommunane i Sunnhordland utanom Kvinnherad og Tysnes er plassert på den øvste halvdel av norske kommunar. Dette følgjer tendensen i statistikken ved at kystnære vestlandskommunar generelt er høgt oppe i både KommuneNM og NæringsNM.

Ser ein litt nærare på områdeindikatorane, så er Austevoll høgast rangert i Sunnhordland for «arbeidsmarknad» og «lokal attraktivitet». Stord har betre plassering innafor «demografi», «kompetanse» og «kommunal økonomi». For «kommunal økonomi» er det for Austevoll ei dramatisk forverring med endring frå 10. plass i 2008 til 116. plass i 2013. I gjennomgangen av ulike parametarar tidlegare i rapporten dannar det seg også eit bilete av Kvinnherad med utfordringar knytt til låg folkevekst og negativ sysselsetjingsvekst.

Austevoll har generelt sterke plasseringar i både KommuneNM og NæringsNM. NæringsNM utgjer fire ulike mål for næringsutvikling: lønnsemd, vekst, nyetableringar og storleik på næringslivet (næringsstettleik). I siste rapport for NæringsNM 2013 er Austevoll rangert som nr 10 i landet, målt etter alle fire indikatorar. Målt etter vekst er kommunen nr 15, etter nyetableringar nr 2 og etter næringsstettleik nr 6. Med desse plasseringane står Austevoll i ei særstilling blant kommunane i Sunnhordland.

NæringsNM ser også på styrkeforholdet mellom regionane, men bruker ei anna inndeling av regionar enn i KommuneNM. I NæringsNM er inndelingane såkalla «politiske regionar», ved at det er kommunar som har innleia samarbeid i form av regionråd eller interkommunale næringssselskap. Det er likevel nokre regionar som er basert på inndelingar brukt av fylkeskommunen. I forhold til regionar i Hordaland er Sunnhordland

¹³ NHOs KommuneNM og NæringsNM: <https://www.nho.no/Politikk-og-analyse/Offentlig-sektor-og-naringslivet/Kommunekaringer/>

¹⁴ Kommunebarometeret 2014: http://kommunal-rapport.no/artikkel/endelig_tabell_kommune_barometeret_2014

fjerde beste med plassering nr 31 av 83. I Hordaland er regionane Bergen (nr 5), Vest (nr 21) og Voss (nr 23) foran Sunnhordland. Så følger Nordhordland (nr 51), Hardanger (nr 55), Bjørnefjorden (nr 61) og Osterfjorden (nr 64).

I Kommunebarometeret 2014 blir kommunane rangert etter 127 ulike nøkkeltal innan 13 ulike område. I totaltabellen er alle nøkkeltala lagt saman, sjå tabell 10 som er sortert etter samla tal. I Kommunebarometeret er det tatt med dei seks viktigaste av til saman 13 kategoriar, noko som utgjer 77,5 prosent av totalen. For sunnhordlandskommunane, og særleg Stord, Austevoll og Tysnes, gjev Kommunebarometeret ei anna rangering enn KommuneNM. Tysnes kjem klart best ut, og har høgast plassering i fire av seks kategoriar. I Hordaland er dei fem beste kommunane Fusa (26), Granvin (49), Ullensvang (73), Tysnes (95) og Bergen (97).

Tabell 10: Kommunebarometeret 2014 for 428 kommunar. Grøn farge er best og raud farge er dårlegast i klassen. Kjelde: Kommunal Rapport

	Total	Grunnskule	Eldreomsorg	Barnevern	Barnehage	Helse	Økonomi
Tysnes	95	98	146	271	116	68	142
Sveio	122	176	153	116	255	186	229
Fitjar	200	64	301	297	217	292	312
Etne	211	159	300	244	392	174	117
Stord	218	198	264	291	268	235	316
Austevoll	312	163	286	410	399	122	210
Bømlo	349	205	335	300	359	329	257
Kvinnherad	358	195	407	223	221	352	157

Stord er med 316. plass lågast plassert innafor kategorien «økonomi», i sterk kontrast til plasseringa i KommuneNM. Dette speglar ulikt innhald og vektlegging i dei ulike kåringane. I KommuneNM inneheld kategorien «kommuneøkonomi» administrasjonsutgifter, eigedomsskatt på næringsseigedom og kommuneinntekter i forhold til utgifter og netto kommunal lånegjeld. I Kommunebarometeret utgjer kategorien «økonomi» 11 kategoriar¹⁵ innafor mellom anna driftsresultat, lånegjeld, finansutgifter, investeringar, lån og lønskostnader.

Med til dels store variasjonar i rangeringsplassering må den einstilte kommune tolke sluttresultatet ut frå kjennskap til eigen situasjon.

¹⁵ Nøkkeltal i Kommunebarometeret: http://kommunal-rapport.no/artikkel/Metoden_bak_Kommune_173_barometeret_2014

12 Oppsummering - regionale utfordringar

I dette forprosjektet har parametrane befolkning, infrastruktur, kompetanse, bustadbehov, arbeidsmarknad inkludert arbeidsplassanalyse, handel og målpunktanalyse for Stord vore handsama. Datamaterialet er ikkje fullstendig, og supplerande statistikk kan hentast mellom anna hos SSB og statistikkbanken til Hordaland fylkeskommune. Samla utgjer likevel utvalet av statistikk og undersøkingar eit godt grunnlag for ei overordna samfunnsanalyse for både Stord og Sunnhordland. Med samfunnsanalyse i denne samanhengen vert det her peika tilbake på nemnde parametrar som grunnlag for vidare analysar og strategiarbeid i regionen. Når det gjeld problemstillinga og det overordna utgangspunktet med fokus på regionbyen Stord, blir det avslutningsvis løfta fram dei områda som kan tolkast som meir spesifikke for Stord, og som kan vere både ein flaskehals og moglegheit for Stord og sunnhordlandsregionen. I tillegg blir dette sett i lys av korleis kommunane i Sunnhordland er rangert i forhold til nasjonalt nivå.

Tabell 11 oppsummer skjematisk parametre som kan identifiserast som styrkande og positiv for metaforen «lokomotiv», i tillegg til å peike på område som kan definerast som utfordrande med metaforen «flaskehals».

Tabell 11: Oppsummering av lokale og regionale utfordringar.

Tema/område	«Lokomotiv»	«Flaskehals»
Befolkning	<ul style="list-style-type: none"> Høgast folketal 93 prosent i tettstader Størst folkeauke siste 15 år Størst framskrivning til 2040 	<ul style="list-style-type: none"> Nedgang i andre kommunar i Sunnhordland
Kompetanse	<ul style="list-style-type: none"> Høgast utdanna befolkning 	
Infrastruktur	<ul style="list-style-type: none"> Kommunikasjonssenter for båt, buss og fly. 	<ul style="list-style-type: none"> Uavklart status vedrørende ferje- og vegsamband mellom Stord og Kvinnherad Standard på kommune- og fylkesveggar i regionen Uavklart E39 og konsekvensar for kommunar langs ny trasè
Bustadbehov	<ul style="list-style-type: none"> Kommunane i Sunnhordland har generelt tatt høgde for aukande bustadbehov, jf nyleg reviderte og komande kommuneplanar. 	<ul style="list-style-type: none"> Problem at prognosar for bustadbygging syner 27,5 % for Stord og berre 6,6 % for Kvinnherad?
Arbeidsmarknad	<ul style="list-style-type: none"> Arbeidsplassdekning over 100 % Nøkkelveksemder med mange arbeidsplassar Framskrivning mot 2030 syner auka sysselsetjing på 19,5 prosent, nr 3 i regionen etter Sveio (28,5 %) og Austevoll (27,4 %). Høg sysselsetjing innafor statleg og fylkeskommunal forvaltning Nettoinnpendling frå omlandskommunar 	<ul style="list-style-type: none"> Netto utpendling for Sunnhordland i forhold til Hordaland rest, Haugesundsområdet og Stavanger-området. Få nye arbeidsplassar i perioden 2008-2013 Arbeidsplassanalysen viser til dels eit udekkka kompetansebehov.
Detaljhandel	<ul style="list-style-type: none"> Stord har dekningsgrad for detaljhandel på over 100 prosent. Denne har vore stigande over fleire år. 	<ul style="list-style-type: none"> Konkurrans med Bergen og Haugesund, sannsynlegvis forsterka med ny E39 mot Bergen.
Målpunktanalyse - tenester	<ul style="list-style-type: none"> Bruk av tenester på Stord kan knyttast til regionsenterfunksjonar som handel, arbeidsmarknad, private tenester, kommunikasjon og statlege og fylkeskommunale tenester 	
Målpunktanalyse - regionsenter	<ul style="list-style-type: none"> Eit fleirtal veit at Stord er eit regionsenter og oppfattar dette i tillegg som sitt. 	<ul style="list-style-type: none"> Det er vesentleg færre som er einige i at Stord på ein god måte tar vare på sin status som regionsenter. Mindre positive er særleg reisande frå Kvinnherad.

Stord oppfyller på mange måtar sin status som regionsenter, både i kraft av befolkningsstorleik, nettoinnpendling, infrastruktur, kompetansenivå, dekningsgrad detaljhandel og arbeidsplassdekning. Den direkte samfunnseffekten av til dømes arbeidsplassar generert på Stord, jf nettoinnpendling, har ikkje vore tema for dette forprosjektet, men vil kunne vere eit interessant og aktuelt kunnskapsbidrag for seinare analysar. Flaskehalsar og utfordringar er først og fremst knytt til infrastruktur og komande planarbeid knytt til ny ferjefri kyststamveg (E39) gjennom regionen. Målpunktanalysen indikerer også at Stord har utfordringar i forhold til korleis rolla som regionsenter blir forvalta. I tillegg har Sunnhordland ei stor utfordring i høve posisjonering og samhandling i forhold til sterke regionar i bergens- og haugesundsområdet. I dette arbeidet er det viktig at Stord tar rolla som lokomotiv for regionen Sunnhordland.

13 Kjelder

- Hordaland i tal - Fylkesstatistikk: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Regional-utvikling/Kart-og-statistikk/Hordaland-i-tal/>
 - Folketal og demografi - Nr. 1 2014
 - Næring, innovasjon og kompetanse - Nr. 2 2014
- Fylkesstatistikk Hordaland/SSB/Fylkesprognoser: <http://statistikk.igest.no/hf/>
- AUD-rapportar: <http://www.hordaland.no/Hordaland-fylkeskommune/Regional-utvikling/Kart-og-statistikk/Hordaland-i-tal/>
 - Flytteprognosar i Hordaland: Flytte og befolkningsprognosar for kommunane og regionane 2014-2030 (AUD-rapport Nr. 04-14)
 - Fylkesprognosar Hordaland: Bustadbehov 2014-2030 (AUD-rapport Nr. 02-14)
 - Reiselivet i Hordaland - konsum og ringverknader (AUD-rapport Nr. 3-12)
 - Pendlingsprognose 2013-2030 (AUD-rapport Nr. 5-13)
 - Kommuneprofilar - Befolkning, sysselsetting og kompetanse. Faktagrunnlag for regional planstrategi (AUD-rapport Nr. 06-14)
 - Handel og kjøpesenter i Hordaland (AUD-rapport Nr. 7-13)
 - Næringsutvikling, attraktivitet og innovasjon - Ei oppsummering av Regional analyse for Hordaland 2013 (AUD-notat nr. 1-14, 21.10.2014)
- NæringsNM 2013 (NHO)
- NHOs KommuneNM 2014 (NHO, Vista Analyse, 2014/28)
- Kommunebarometeret 2014: http://kommunal-rapport.no/artikkel/endelig_tabell_kommune_barometeret_2014
- Andre nettkjelder
 - SSB, forklaring befolkningsstatistikk: <http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/folkfram/aar/2014-06-17>
 - SSB, tettstadsdefinisjon: <http://www.ssb.no/befolkning/statistikker/tettstadsdefinisjon/aar/2014-06-17>
 - SSB, forklaring utdanningsstatistikk: <http://www.ssb.no/utdanning/statistikker/utniv/aar/2014-06-19#content>
 - Statens vegvesen: <http://www.vegvesen.no/Europaveg/e39stordos>
- Supplerande kartteneste: PlanGIS - Byen og regionsenteret Stord: <http://bit.ly/1B002Nq>

14 Vedlegg

14.1 Vedlegg 1 - Spørjeskjema målpunkt Stord

Målpunktanalysen vart lagt til ferjesambanda Sandvikvåg-Halhjem, Sandvikvåg-Husavik, Jektavik-Hodnanes og Skjersholmane-Ranavik, i tillegg til hurtigbåtsambandet mellom Stord og Kvinnherad, sjå figur 47.

Det vart utarbeidd eit forenkla spørjeskjema på to sider, sjå nedanfor. Skjemaet har to hovuddelar. Den første delen inneheld opplysningar om bustadadresse, endeleg reisemål, tidspunkt for reise og nytta tenester/gjeremål i Stord kommune. Den andre delen er meir kunnskaps- og haldningsfokusert med spørsmål om reisande veit at Stord er eit regionsenter i Sunnhordland, tre påstandar kring dette og kva reisande elles reknar som sitt regionsenter. For nokre av spørsmåla vart det opna for kategori «anna» og «kommentar».

Det vart samla inn 583 utfylte spørjeskjema. Nokre skjema vart forkasta på grunn av manglande utfylling av bustadadresse og/eller reisemål, eller skjema som ber tydeleg preg av useriøse svar. Ein vidare reduksjon i datamaterialet vart gjort ved å fjerne reisande frå kommunar utanom Hordaland og Rogaland. Tabell 12 syner fordelinga av godkjente svarskjema på respektive strekningar.

Tabell 12: Svarskjema fordelt på reisestrekning

	Strekning	Svarskjema	Godkjente skjema
Ferje	Sandvikvåg-Halhjem (ei ferje)	252	240
	Sandvikvåg-Husavik	86	85
	Jektavik-Hodnanes	71	68
	Skjersholmane-Ranavik	53	53
Hurtigbåt	Leirvik-Sunde	121	119
Totalt		583	565

Det er vidare gjort tre geografiske avgrensingar av utvalet: 1) Reisande frå alle kommunar i Sunnhordland (356 svar), 2) reisande frå kommunar i Sunnhordland utanom Stord (265 svar) og 3) reisande frå kommunar i Hordaland og Rogaland utanom Sunnhordland (191/188 svar). Svarskjema er registrert i Excel for vidare statistisk analyse, med vekt på frekvensfordeling. Feilkjelder er mellom anna knytt til manglande utfylling av delsvaer. Eit døme er reisande med bustadadresse Stord som ikkje har fylt ut for tenester mm på Stord. Dette er det tatt høgde for i analysen, mellom anna ved at bustadadresse Stord er trekt ut av analysen for spørsmål 4 om bruk av tenester på Stord. For spørsmål 4 er det også tydeleg at enkelte ikkje har klart å skilje mellom «i dag» og «2024». Desse kategoriane er difor slått saman i analysen. Ei anna feilkjelde er knytt til forståinga av regionsenter, der det i kommentarfelt og spørsmål 7 er tydeleg at regionsenter også er forstått som handelssenter eller kommunesenter. Det har ikkje vore gjennomført ei ekstern pilotundersøking med spørjeskjema, grunna omfanget lagt i forprosjektet. Skjema har likevel vore prøvd ut på enkelte utanom arbeidsgruppa. I etterkant ser ein at det burde vore med ein kategori «jobbreise» i spørsmål 4. Dette er likevel fanga opp i kategorien «anna».

33 kommunar er representert i utvalet. For sunnhordlandskommunane er fordelinga som følgjer, med tal på respondentar i parentes: Kvinnherad (118), Stord (91), Austevoll (46), Tysnes (35), Bømlo (30), Fitjar (20), Sveio (9), Etne (7). Dei største kommunane utanom Sunnhordland fordeler seg på Bergen (72), Haugesund (19), Stavanger (16) og Karmøy (15). Totalt er det reisande med bustadadresse i 33 ulike kommunar, men der til dømes det er sju kommunar med berre ein respondent.



Reiseundersøking – Byen og regionsenteret Stord

På vegne av Samarbeidsrådet for Sunnhordland gjennomfører Akvator ei reiseundersøking på hurtigbåt og ferjer til/frå Stord. Føremålet med undersøkinga er å få meir kunnskap om reisemønsteret i Sunnhordland med utgangspunkt i Stord som regionsenter for Sunnhordland.

Me ber om at du svarer på spørsmåla under overfarten. Dersom du tar ferja fleire gonger i løpet av ein dag, så ønskjer me at du er venleg og svarer for kvar tur. Skjemaet blir samla inn på slutten av turen. Undersøkinga er anonym.

Dei som deltek kan vere med i trekkinga av eit gavekort på kr 2000,-.

SKRIV MED BLOKKBOKSTAVAR

Strekning: Sandvikvåg-Husavik

1. Kor bur du?

Postnummer: Stad:

Kommune:

2. Kor er ditt endelege reisemål?

Kommune:

3. Når på døgnet er denne ferjereisa di? (Oppgi tidspunktet ferja forlet kaien)

Tidsformat: 00:00 – 24:00. Eksempel:

Skriv tidspunkt her:

4. Dersom du skal til/har vore i Stord kommune som endeleg eller del-reisemål, kva for tenester vil du nytte/vart nytta? (Her kan du setje fleire kryss)

	I dag	I 2014		I dag	I 2014
Handel	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Kommunikasjon (buss, båt, fly)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kommunale tenester	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Stord trafikkstasjon (Biltilsynet)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Private tenester	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Stord Sjukehus	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Hotell/camping	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Sorenkrivar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Restaurant	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Politi/pass	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Kultur- og idrett	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Fast arbeidsplass (pendling)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
Privat besøk	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	Studiestad (pendling)	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
			Anna: _____	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>



5. I Hordaland fylke er Stord eitt av fleire regionsenter. Visste du at Stord er regionsenter i Sunnhordland?

Ja Nei

6. Her følger nokre påstandar knytta til Stord som regionsenter i Sunnhordland. (Set eitt kryss per linje)

	Påstand	Heilt ueinig	Litt ueinig	Veit ikkje	Litt enig	Heilt enig	Ikkje relevant
1	Eg opplever Stord som «mitt» regionsenter i Sunnhordland	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
2	Stord har viktige regionale funksjonar	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>
3	Stord klarer på ein god måte å ta vare på sin status som regionsenter	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

Kommentar:

7. Om du ikkje opplever Stord som ditt regionsenter, kva reknar du som ditt?

Skriv her: _____

Takk for deltakinga!

Dersom du ønskjer å delta i trekkinga av eit gavekort med verdi kr 2000,-, så kan du skrive telefonnummeret i feltet under. Telefonnummeret blir kun brukt for å kontakte vinnar.

Telefonnr:

14.2 Vedlegg 2 - Spørjeskjema arbeidsplassanalyse



Samarbeidsrådet for Sunnhordland er av det nasjonale Byregionprogrammet tildelt forprosjektet "Byen og regionsenteret Stord - lokomotiv for vekst og utvikling i Sunnhordland?" Prosjektet skal mellom anna kartleggja kompetansebehovet i hjørnesteinsverksemdene og i eit utval innan marin, maritim og offentleg sektor i Sunnhordland. Akvator er utførande konsulent og gjennomfører denne undersøkinga.

Me håper di verksemd vil bidra med å svare på dette spørjeskjemaet, da resultatane vil vere nyttig for offentleg og privat sektor i regionen. Undersøkinga tek 5-10 min. Svarfrist er satt til fredag 3. oktober kl 1500.

I spørjeskjemaet inkluderer omgrepet «verksemd» både privat og offentleg sektor. Resultatane frå undersøkinga vil bli anonymisert.

Takk for Dykkar bidrag!

I - Bakgrunn

1. Namn på verksemda: _____

2. Kva for stilling i verksemda har du som svarar på denne undersøkinga?

3. Verksemda kan kategoriserast som (set gjerne fleire kryss):

Hjørnesteinsverksemd	<input type="checkbox"/>
Marin sektor	<input type="checkbox"/>
Maritim sektor	<input type="checkbox"/>
Offentleg sektor	<input type="checkbox"/>

4. Kor mange fast tilsette (tal på årsverk) har verksemda i dag? Set kryss, eller skriv gjerne inn talet dersom dette er kjent.

Under 20	20-49	50-99	100-199	200 og meir
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

5. Korleis er kjønnsfordelinga i verksemda i dag? Set kryss, eller skriv gjerne inn omtrentleg prosentdel dersom denne er kjend.

Overvekt av menn	Om lag lik fordeling av menn og kvinner	Overvekt av kvinner
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

6. Kva er gjennomsnittsalderen til dei tilsette i verksemda i dag?

Under 30 år	30-39 år	40-49 år	50-59 år	60 år eller meir
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

II – Kompetansebehov og rekruttering

7. Har verksemda eit udekket kompetansebehov i dag?

Ja, i stor grad	Til ein viss grad	Nei	Veit ikkje
<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>	<input type="checkbox"/>

8. Dersom verksemda har eit udekkja kompetansebehov i dag; har mangel på kompetanse ført til at verksemda har:

	Ja, i stor grad	Til ein viss grad	Nei	Veit ikkje
Tapt kundar eller marknadsandelar				
Skrinlagt eller utsett utviding av verksemda				
Redusert verksemda				
Redusert kvaliteten på tenester				
Gjennomgått omstilling				
Anna; spesifiser:				

9. Dersom verksemda har eit udekkja kompetansebehov i dag; er det aktuelt å dekkja behovet for kompetanse gjennom å:

	Ja, i stor grad	Til ein viss grad	Nei	Veit ikkje	Ikkje relevant
Tilsetja nye personar					
Heva kompetansen til dagens tilsette					
Setja ut tenester til andre					
Leiga inn ekspertise (for ein periode)					
Anna; spesifiser:					

10. Dersom verksemda har innleigd arbeidskraft i dag; kva er hovudårsaka til dette?

	Ja, i stor grad	Til ein viss grad	Nei	Veit ikkje
Generell mangel på arbeidskraft				
Mangel på spesifikk kompetanse i verksemda; skriv gjerne kva for kompetanse:				
Anna; spesifiser:				

11. Har verksemda problem med å rekruttera kvalifisert arbeidskraft i dag?

Ja, i stor grad	Til ein viss grad	Nei	Veit ikkje	Ikkje relevant

12. Dersom verksemda har eit udekkja kompetansebehov i dag, kva trur du er hovudårsakene til dette?

	Ja, i stor grad	Til ein viss grad	Nei	Veit ikkje
For få kvalifiserte søkarar på utlyste stillingar				
Ikkje gode nok tilsetjingsvilkår				
Lite fagmiljø				
Stor konkurranse om relevante søkarar				
For lite høve til fagleg vidareutdanning				
Anna; spesifiser:				

13. Opplever du at verksemda si geografiske plassering medfører at det er utfordrande å rekruttera kompetent arbeidskraft?

Ja, i stor grad	Til ein viss grad	Nei	Veit ikkje	Ikkje relevant

14. Har verksemda lærlingar i dag?

Ja	Nei

15. Dersom verksemda har lærlingar, kan desse rekna med å få jobb i verksemda etter læretida?

Ja, i stor grad	Til ein viss grad	Nei	Veit ikkje	Ikkje relevant

16. Har verksemda problem med å behalda kvalifisert arbeidskraft?

Ja, i stor grad	Til ein viss grad	Nei	Veit ikkje	Ikkje relevant

III - Yrkesgrupper

17. Kva yrkesgrupper utgjer sentral kompetanse i verksemda i dag? Spesifiser gjerne kva for yrke det gjeld, og før gjerne på fleire alternativ nedst i tabellen.

	Spesifiser	Mange	Nokre	Få
Advokatar, juristar				
Bibliotekarar, arkivarar				
Handverkarar (elektrikarar, røyrleggjarar o.l.)				
IT-konsulentar/- teknikarar				
Sekretærar				
Leiarar/direktørar				
Medisinske yrke				
Prosess- og maskinoperatørar, montørar				
Rådgjevarar innan økonomi, salg, finans, HR og administrasjon				
Sikkerheitsarbeidarar				
Transportarbeidarar				
Yrke innan jord- og skogbruk, fiske				
Arkitektar, designarar				
Forskarar				
Industriarbeidarar				
Journalistar, forfattarar				
Kunstneriske yrke				
Medarbeidarar innan økonomi, administrasjon og sal				
Pleie- og omsorgsmedarbeidarar				
Realistar (t.d. biologar, fysikarar matematikarar, kjemikarar)				
Sal- og serviceyrke (bl.a. kundehandsamarar, butikkjeljarar, restaurantmedarbeidarar)				

Ingeniører, teknikarar				
Undervisningsyrke, pedagogar				
Yrke innan kultur, idrett, estetikk				

18. Dersom du trur at behovet vil endra seg vesentleg framover; kva for kompetanse trur du verksemda vil ha behov for om 5-10 år? (Skriv inn)

IV – Utdanningsnivå og annan kompetanse

19. Har verksemda personale på følgjande utdanningsnivå i dag?

	Ja, i stor grad	Til ein viss grad	Nei	Veit ikkje	Ikkje relevant
Doktorgrad					
Universitets-/høgskuleutdanning på mastergradsnivå					
Universitets-/høgskuleutdanning på bachelornivå					
Vidaregåande- /fagskuleutdanning					
Fullført grunnskuleutdanning					

20. Dersom du trur at behovet vil endra seg vesentleg framover; trur du at verksemda vil ha behov for å rekruttera personale på følgjande utdanningsnivå om 5-10 år?

	Ja, i stor grad	Til ein viss grad	Nei	Veit ikkje	Ikkje relevant
Doktorgrad					
Universitets-/høgskuleutdanning på mastergradsnivå					
Universitets-/høgskuleutdanning på bachelornivå					
Vidaregåande- /fagskuleutdanning					
Fullført grunnskuleutdanning					

21. Vert følgjande kompetansar vektlagd ved eventuelle nyttilsetjingar i verksemda i dag? Skriv gjerne inn fleire alternativ nedst i tabellen.

	Ja, i stor grad	Til ein viss grad	Nei	Veit ikkje	Ikkje relevant
Bruk av IKT-verktøy					
Talforståing og rekneferdigheiter					
Skriftleg formidlingsevne på norsk					
Munnleg formidlingsevne på norsk					
Leiarkompetanse					
Marknadsforståing					
Kjennskap til andre kulturar					
Teknologiforståing					
Kompetanse i framandspråk					



22. Dersom kompetanse i framandspråk vert vektlagt; kva for framandspråk har verksemda eit konkret behov for?


23. Kor mange andre nasjonalitetar enn norsk er representert blant dei tilsette i verksemda i dag?

Ingen	1-3	4-6	7-9	10 eller fleire

24. Har mange av dei tilsette i verksemda lokal tilknytning?

Dei fleste	Over halvparten	Under halvparten	Få eller ingen	Veit ikkje

Takk for deltakinga! Eventuelle utfyllande opplysningar og kommentarar kan skrivast i tekstfeltet under:



Sæ 132, 5417 Stord
Tlf.: +47 53 40 41 80

Epost: post@akvator.no
www.akvator.no

